

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG</b>	Vest
<b>Møtested:</b>	<b>Quality Hotel Edvard Grieg, Sandsli, Bergen</b>
<b>Dato/tid:</b>	9-10 mars 2020 kl. 12.30
<b>Protokoll: 01/20</b>	
<b>TIL STEDE:</b>	
<b>Arbeidsutvalget:</b>	Lidvin Hage, Bjarte Myren, Reidar Kallestad, Jan Roy Eide, Steinar Evebø
<b>Regionutvalget:</b>	Jon O Nummedal, Odd Inge Feidje, Hege Våtevik (vara for Lise Elvagjeng), Aud H. Molvik, Erling Nesse, Bjarte Nordanger, Per Magnar Sognnes, Erlend B. Fossen, Jan Helge Hjelmeland, Anita Sæther, Kjell Ove Høydal, Harald Skjerdal (dag 1), Ole Bjarne Hovland, Olav Myrholt, Rune Nordbotten, Jørgen Wik, Bjørn K. Holme (vara for Janne Marie Solheim), Sonja Skaare Esperø (vara for Ove Bruheim), Jakob Hammer, Geir Ole Ervik, Sara Larsson, Oddmund Kvalsvik, Andre Frøystad (vara for Lillian Flø), Liv Signe Kvamme, Rolf Otto Blindheim, Bastian Weiberg-Aurdal, Per Ivar Skodjereite, Kjetil Gjul (vara for Marius Klever), Lasse Øvstdal, Anne Karin Røssbø, Harry Bakken, Sjur Åkra, Oddbjørn Øverland (dag 2), Geir Magne Gjerde, Egil Otto Haakull, Ragnvald Stople, Sigmund Vårvik (vara for Arild Hebnes), Morten Brekne Anda, Kristoffer B. Handeland, Tor Gunnar Andersen (vara for Lars Ove Rimmereid), Eivind Nesse, Asgeir Nøttveit, Jonny Soltveit, Kristoffer Dalland, Stein Olav Hauge, Haakon Olai Lie, Hans Olav Gausvik, Leif Lirhus, Eirik Straume Normann, Kåre Olai Solheim, Lars Even Brekke, Helge Reisæter, Bjarne Aga, Jostein Gaassand, Hans Arne Breivik, Gerd Karin Njåstad, Kari Marie Njåstad, Ola Kongsvik, Sindre Aasen, Solveig Berg, Berit Dale.
<b>Valgkomité:</b>	Leif Arne Lirhus,
<b>Andre:</b>	Karen E. R. Sæbø
<b>Forfall:</b>	Thor Anfinn Lillestøl, Solveig Øie, Ørjan Russenes, Ove Jonny Hånes, Tor Inge Eidesen, Nils Magne Jakobsen, Arild Hebnes, Sissel Bøthun, Audun B. Næss, Lise Elvagjeng, Øyvind Husabø, Vidar Heggheim, Janne M. Solheim, Ove Bruheim, Vegard Lystad, Lillian Flø, Marius Klever, Ragnhild Døving, Helene S. Bødtker, Steffen Skolseg
<b>Konsernstyret:</b>	Jan Erik Fløtre
<b>Administrasjonen:</b>	Anne Marit Panengstuen, Petter Brinchmann, Ingvill Jørgensen, Einar Risnes,
<b>Referent:</b>	Ingvill Jørgensen

Sak nr	
1	<p><b>Konstituering</b></p> <p><b>Lidvin Hage ønska velkommen.</b></p> <p><b>Informerte om at nestleiar i styret Steffen Skolseg har sjukdomsforfall og at konsernsjefen ikkje kan vere med før tysdag 10.03.</b></p> <p><b>Hadde ei innleiing om arbeidet i RU-området og AU.</b></p> <p><b>Sakene må dermed endast på og leggast fram etter kven som er til stades. Fekk tilslutning til å endre rekkefølga i saklista.</b></p> <p><b>Opprop v/Ingvill Jørgensen</b>  <b>65 med stemmerett – 67 totalt ved møtestart.</b></p> <p><b>Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend utan merknader</b></p>

	<p><b>To til å skrive under protokoll saman med møteleiar:</b></p> <p><b>Gerd Karin Njåstad og Per Ivar Skodgereite</b></p>
<b>2</b>	<p><b>Oppsummering av kretsmøta.</b></p> <p><b>Ingvill Jørgensen la fram saka, og orienterte om det som kom opp på møterunda. 2% ned på oppmøte i forhald til i fjor.</b></p> <p><b>Presentasjonen vedlagt.</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering og nokre saker vert teken vidare i AU.</p>
<b>3</b>	<p><b>Drøfting av Årsmelding og Rekneskap.</b></p> <p><b>Jan Erik Fløtre la fram saka.</b></p> <p><b>Innspel og spørsmål:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Spørsmål om investeringar opp mot utbetaling av utbyte. Og om kva som er investeringar og vedlikehald</li> <li>• Konkursen på Jæren – kva har skjedd med dei ansvarlege i Prima?</li> <li>• Korleis investerer konkurrentane våre med lave marginar?</li> <li>• Kvifor har vi tap i Argentina?</li> <li>• Samvirkekylling – kva med dette?</li> <li>• Nationen – har bør vi selje oss ut?</li> <li>• Forskjellen mellom utbetalte og avsett medlemskapital 2010 – kvifor?</li> <li>• Kreditt på livdyr – kva er grensa her? Dette må ikkje gjerast slik at Nortura vert skadelidande, ingen må ha kredittavtaler over eit visst tak.</li> <li>• Marknadsordningane må bestå for å behalde distriktsjordbruket.</li> <li>• Vi må effektivisere industrien så snart som mogleg og få kommunisere ut viktigheita av dette på ein god måte!</li> <li>• Pressetalsfolk må vere sannferdige når dei vert intervjuata, få ut at vi treng innsparing.</li> <li>• Er det verdt å ha marknadsreguleringa?</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering.</p>
<b>4</b>	<p><b>Konsernsjefen informerer</b></p> <p>Anne Marit Panengstuen informerte om korleis ho ser Nortura framover – deler av dette er sak 6 – går inn i strategiplan.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
<b>5</b>	<p><b>Open post.</b></p> <p><b>Desse hadde ordet:</b></p> <p>Sjur Åkra, Per Magnar Sognnes, Erlend B. Fossen, Hans Arne Breivik, Berit Dale, Rune Nordbotten, Ole Bjarne Hovland, Kristoffer Handeland, Steinar Evebø, Bjarte Nordanger, Kåre Olai Solheim, Jon O. Nummedal, Anne Karin Røssbø, Jørgen Wik, Egil Otto Håkull</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tap på Jæren i Prima, kva med konsekvensar for dei som har hatt denne saka?</li> <li>• Styremedlem i forsøksring tidlegare, bør ein saman med andre organisasjonar kjøpe seg inn i NLR, og ha ein felles rådgivingsteneste i landbruket då utan dobbeltrådgiving?</li> <li>• Innspel om livdyr på nett – og rådgiving storfe i Førde.</li> <li>• Strategisk prising – bør vi ha trekk for fond for meirbetaling til nye brukarar, må sjå på fylling av linjene, kan vi prøve dette og ikkje då må betale det same til alle i</li> </ul>

	<p>heile landet? Bør bruke nokre kroner ekstra for å få bonden til å gå over. Og så må vi snakke bedrifta vår opp!! Treng å ta denne prinsipielle debatten, og så må vi sjå på om det er områder der vi kan ta bort folk!</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rådgiving – treng folk på bygda – men kan betale for rådgiving når dette viser att på botnlinja! Betaler gjerne flybiletten også! Treng å knyte til seg folk som også vil fronte Nortura.</li> <li>• Kanskje ha ein pott som ikkje vert varig for den enkelte?</li> <li>• Må snu utviklinga. Teljedato, kva med kostnaden her for selskapet? Må få fjerna denne.</li> <li>• Køyre og kviletid som naudslaktar – er dette pålagt? Nordhordland – bil i Førde, kven har området? Må få til betre kommunikasjon mellom anlegga!</li> <li>• Tilførslar og kjøp av produsentar – vi må bruke puljar og kvalitet som betalingspunkt, kva med oppbygging av lager økonomisk ved større tilførslar?</li> <li>• Pris-differansar kan vere farleg, treng lamme-ringar på storfe. Nabo-slakting i områder trengs.</li> <li>• Forferdeleg at vi ikkje kan oppføre oss mot ansette i saker som Otta. Vi må sette krav om effektivitet og betale for dette.</li> <li>• Om produsent som leverer til Coop – og som miste hylleadgang.</li> <li>• Treng å få til effektivitet, vi skal betale for dei gode produsentane som Bjarte tok opp.</li> <li>• Få opp nye ting som kan seljast på festivalar. Bruk ungdomar til sumar-jobb. Ha ei festivalvogn!</li> <li>• Treng skikkelege rådgivarar som samvirke-bønder – og ikkje la alle få tilgang til god rådgiving. Burde ikkje lete så mange rådgivarar gått, treng å få til samvirke-rådgiving.</li> <li>• Bonde der det er stopp i smågris og banken vil at han skal gå over til Q? Er dette rett?</li> <li>• Kan vi bruke vår smitte-kompetanse ved Corona-smitten som går no?</li> <li>• Kreditt – skal Nortura vere kreditt-instans når banken seier nei?</li> <li>• Treng ordstyrar på podiet, og dessutan nummer pr. utsending for å vite kven som bed om ordet.</li> <li>• Inntransport – skjer det noko og er det avklaring her på selskapsstruktur?</li> <li>• Tilleggsytingar – Norsk Kjøtfe – rett utbetaling her? Harde krav i driftsopplegget for å få topp tillegg?</li> <li>• Er det endringar i livdyr-omsetninga i Førde, dette har vore ei sak i mange år.</li> <li>• Saknar informasjon om overgangen til Aura purkering, har ikkje fått info.</li> <li>• Treng å få spesifisert kva som er prissetting på livkyr! I detalj!</li> </ul> <p>Einar svarte ut dei fleste spørsmåla, og Jan Erik svarte ut resten.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering og vert teken opp på AU-nivå for vidare oppfølging.</p>
6	<p>Arbeid med strategiplan – Konsernsjef Anne Marit Panengstuen orienterte om ramene i arbeidet med planen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Transparent – korleis må dette til med dyrevern-organisasjonar som filmar scener i fjøs som ikkje gjer seg mot forbrukar. Er ikkje sikker på om dette er bra.</li> <li>• Oppteken av å ikkje menneskeleg-gjere dyra, slutt å bere grisens rundt i tunet, viktig at den norske bonden fortel om korleis vi produserer den norske maten i alle aspekt. Få ut kva vi gjer! Nummer på egg som burde vise bonden som har produsert dette – dette bør ligge på nettsida vår for å kunne slå opp. Dette var tidlegare, men er no borte.</li> <li>• Folkets favoritt – er det Nortura som produserer dette?</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Økonomi og fokus på økonomistyring – dette har vi hørt om før – er uroa over tiltrua til selskapet på økonomi. Nye produkt, er det teke ned antal varenummer? Og svinn som høner og kje – treng fokus på resirkulering av mat, korleis bruke det som elles vert svinn eller brukt til det som ikkje er mat.</li> <li>• Sporing – skal det gå heilt tilbake til kvar gard? Er dette greitt i alle saker?</li> <li>• Nye salskanalar – kan dette vere Nordsjøen? Presser Nortura på her?</li> <li>• Sak i kretsøtet om klimadebatt – då er raudt kjøt med her. Fokus på raudt kjøt, transport og det er som er bonden sin kvardag. Kjøtbransjen må legge ein strategi på her, treng også nøytrale formidlarar som kan ta dette på alle nivå. Vi må også skyte frå høfta, og sette dagsordenen og ikkje vere brannslokkarar. TRENG formidlarar på alle arena, må ikkje berre bruke våre kommunikasjons-avdeling. Som Linda Eide og Sauefilmen. Var det rett person som tok ansvar? Vi treng å få inn slike saker i strategiplanen NO. Vi kan ikkje alltid vere verstingane.</li> <li>• Dyrevelferd – håper at ingen tenkjer at ingen bør sjå min gard, då må vi reise heim og rydde. Men må ikkje tru at vi er best i alt og må passe oss litt!</li> </ul> <p><b>Gruppearbeid</b></p> <p><b>Svar på oppgåve 1:</b></p> <p>Skape gode relasjonar/rådgiving – service og gode svar – sosiale plattformer – oppfølging – halde tida på inntransport - være til å stole på!</p> <p>Pris – puljetillegg, ringer på dyreslag – løne store produsentar for effektivitet.</p> <p>God kontakt mot og gode ordningar for nye brukarar</p> <p>Langsiktige og forpliktande livdyravtaler</p> <p>Stolte eigarar som reklamerer for sitt selskap</p> <p>Fokus på marknadstilgang og avsetning</p> <p><b>Svar på oppgåve 2:</b></p> <p>God kommunikasjon i forkant om kvifor tiltak opp mot økonomi – leiing opp mot bonde</p> <p><b>Fokus på samfunnssnytte</b></p> <p>Vere synlege mot bonden</p> <p>Styrke samvirketanken</p> <p>Tillitsvalde må skape rett aktivitet for å ivareta alle i næringa</p> <p>Tillitsvalde og eigarar må få argumentasjon for å svare ut kritikk</p> <p><b>Svar på oppgåve 3:</b></p> <p>Meir eigenkapital inn i selskapet om dette trengs frå eigarar, då medan vi har handlingsrom</p> <p>Nødvendige investeringar må takast i ein langsiglig strategi, og som i neste omgang gir auka pris til bonde.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering og vil verte oversende sentral administrasjon.</p>
7	<p><b>Info frå sentral valkomite</b> Bjarte Myren orienterte om innstillinga.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
8	<p><b>Info frå Fagutval</b> Jan Roy Eide om Egg – Ny design på kartong – og berre mas på Coop om å få inn Prior-egg. 400 tonn til dyrefør, fekk avbestilling frå andre aktørar seint, eggja heldt på å gå ut på dato. Orienterte om dyrevelferd og at det det må vere aktivitetsartiklar inne i hønehusa. Ein del førtids-slakting, og det er ikkje rom for nye etableringar. Ved prisoppgang så kjem det nye som vil inn, berre pris kan halde nede etableringar.</p> <p><b>Bjarte Myren om storfe – utfordringar i marknaden på storfe. Orienterte om moglegje ordningar som kan kome framover på storfe, ringar, store pulje etc. Må finne ordningar</b></p>

	<p><b>som er bra for både bonden og marknad. Fått tilbakemelding på at det var bra at ein gjekk bort frå 7-vekers innmelding, og tilbake til betre ordning med kortare frist. Treng fleksible tidspunkt og god dialog for å få til meir jamn levering, dette for effektiv samhandling. Har også fokus på livdyr for alle sitt beste.</b></p> <p>Har for lite ferskt kjøt rundt teljedato, vert då pressa til import av andre aktørar. Må prøve å tilpasse leveransar opp mot etterspurnad for å få til merkantil profitt – å ta ut mest mogleg av marknaden.</p> <p>Prøver å få til møtepunkt saman med FK – med tema som føring og anna aktuelt stoff.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planla å ha møte på Møre om ikkje lenge på okseföring – dette er no utsett til hausten.</li> </ul> <p><b>Ammedyr opp mot marknadsdekning – kanskje betre å importere litt enn å få ein overproduksjon.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det var skipa til Ammeku-kurs i Ålesund for ikkje lenge sidan – er det rett å oppfordre produsentar til denne produksjonen no?</li> </ul> <p><b>Reidar Kallestad om det som skjer rundt småfe: Kom no rett frå Lammiadagen 2020 i Tromsø, dette var ei fantastisk konferanse der Trine imponerte med foredrag om dobbel mottaksplikt. Det er tomt for sau på reguleringslager, men ca. 2.500 tonn lam, som det går ut 70 – 80 tonn av pr. veke no med frysefrådrag betalt av omsetningsmidlane.</b></p> <p><b>Men ein reknar med at lamma vert selde. Hverdagsslam aukar.</b></p> <p><b>Mange saknar saue-burger i butikk!! Her må ein mase i butikken.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Treng å få til lammeringsmøte i nordre deler, etterlysing frå Vestnes og Rauma.</li> </ul> <p><b>Ny klassifiseringsmetode kjem kanskje også på småfe, men det vil ta nokre år, ihht Animalia.</b></p> <p><b>Prøver å sjå på korleis endre profilen på prisløypa, men vi må levere lamma når marknaden vil ha det. Og vi ser at produsenten leverer!</b></p> <p><b>Sjur Åkra som er vara AU- gris, orienterte om gris – då Ragnhild Døving hadde meldt forfall: Stolt av at Etne Kommune (heimekommune til Sjur) er den første kommunen som har berre SPF-gris. Det ser ut til at det vert marknadsbalanse på gris no framover. Innført tilskot for overgang frå smågrisproduksjon til kombi. Og dyrevelferd har vore fokus det siste året.</b></p> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering.</b></p>
9	<p><b>Merkevarebygging – og alt mot butikk</b></p> <p><b>Petter Brinchmann, konst. Konserndirektør daglegvare orienterte.</b></p> <p><b>Ta vare på omdømet, det er svært viktig. Gilde på inn på topp 10 er målet – frå nr. 18 i omdømmemåling.</b></p> <p><b>Sunnheit, ha det lettvinnt i kvardagen, pris, opphav og matkultur, vinne kampen i butikk er våre mantra. Vi må gripe moglegheitene utanom dei tre kjededørene. Få inn frivillige varer i butikkane.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vanskeleg å påverke Coop no, har dei mindre frivillige varer?</li> <li>• Kva med alternativet medlemsbutikk for å få ut varer i alternativ salskanal og info om varer?</li> <li>• Salskorpsset – har vi ikkje dette lenger på Møre? Kva med tilgangen i butikk for å handtere varene der? Frivillig sortiment – kvifor opplever vi at Gilde ikkje kan levere varene?</li> <li>• Prisdifferanse og endring i storleik på kjøtdeig i Coop? Kvifor?</li> <li>• Brukar meir enn 2,6 sekund å bestemme meg i butikk – og vi må legge til rette for kjøpmannen å kunne finne varer i vårt system. Trenger å ha fokus på f eks antibiotikabruk og dyrehelse som viktig preferanse.</li> <li>• Lov om korleis pris skal visast – dette må jobbast med!</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• «Listing» av varer – leitar i butikk og finn varer plassert litt her og litt der. Kva er påverkinga av våre folk her? Omsetning i Proff, for stor?</li> <li>• Nedgang i marknadsandel på Gilde, men dei fleste andre er lågare. Kva med innteninga på EMV, kan denne nærme seg Gilde i pris?</li> </ul> <p><b>Petter svara ut innspel og spørsmål.</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
10	<p><b>Regionsjefen informerer</b> Einar Risnes innleia.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innspel på at Nortura var kontakta og fekk dårlig svar – dette var ein ny brukar som har levert til Fatland som vurderte Nortura.</li> <li>• Ein som bygde sa at han ikkje kunne gå frå Nortura på grunn av rådgiving, slik er det ikkje no. Og kva vil skje når Karluf sluttar, må få inn ein person som kan gjere ein jobb. Men flott at ein har nye rådgivarar i Sandeid som er ansette.</li> <li>• Må skape relasjon tidleg i fasen som gardbrukar så vil ein kunne utnytte dette. Spesielt for oss på Møre som er svært langt frå anlegga. Lamme-ringar er glimrande og så vere med på S&amp;G møter for å få tak i dei som ikkje leverer til oss.</li> <li>• Kva med økonomien om merkevarene går nedover, korleis tener vi pengar då? Kva med direkte salskanalar ut?</li> <li>• Relasjonar – og det handlar om sal. Må greie å selje Nortura framover, vil ha seljarar som kan oppsøkje spesielt dei nye. Sparer vi oss til fant?</li> <li>• Viktig at systema må fungere for å få til endring frå bonden si side.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering.</p>
11	<p><b>Gruppearbeid – Møtestruktur – Ingvill Jørgensen informerte om saka før gruppearbeidet.</b></p> <p><b>Spørsmål 1:</b> Skal ein gå vidare med denne møtestrukturen og sende sak til styret om det? Ja x 5 – alle vil forsette med meir kretsutvalsmøter og eitt RU-møte på våren.</p> <p><b>Bra:</b> Kortare reiser, tettare lokalt samhald, enklare å ta opp lokale saker, alle tillitsvalde vert inkluderte på ein betre måte og tettare samarbeid med ansvarleg AU-medlem. Enklare i ta ordet i små forsamlingar. Større oppmøte, betre diskusjonar/dialog. Møte på dagen/eventuelt kveld gjer det enklare å møte.</p> <p><b>Kva kan verte betre:</b> Treng meir struktur på møta og protokoll pr. møte. Ha oppfølging på det som vert teke opp av saker, må verte svart ut i neste møte. Vil også ha tettare kontakt med leiing, også for konkret tilbakemelding på utvikling i saker. Vi må i møta verte utfordra på utfordringane/problema. Må ha dagsaktuelt stoff som info. Halde seg til sakliste på ein konkret måte. Variere mellom dag og kveldsmøte.</p> <p><b>Spørsmål 2:</b> Om ein har velfungerande kretsutval bør ein sjå på antal utsendingar frå kvar krets til RU-møtet på grun av nedgang i antal medlemar, travle bønder i tillegg til dyre og ressurskrevjande møter?</p> <p>Kan sjå på antal utsendingar i RU møte iht økonomi, men negativ i høve til demokrati frå ei gruppe, elles 4 x nei.</p>

	<p><b>Spørsmål 3:</b> Om ein vil sjå på antal møtande i RU-møte frå kretsane som i dag er 75, og det er 32 kretsar, kva antal bør ein så legge seg på?  <b>64 – 2 frå kvar krets – 64 – 75.</b>  <b>3 svar.</b></p> <p><b>Spørsmål 4. Andre innspel</b>  <b>Treng betre samhandling mellom tillitsvalde og ansette.</b></p> <p><b>Kort samanfatting:</b> RU-Vest ynskjer å gå vidare med denne møtestrukturen – 2 faste runde med møter i kretsutvala vinter (Jan/feb) og haust (Nov), og eitt RU-møte i mars.  <b>Møteforma må utviklast med tanke på innspel i saka.</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Det må sendast inn sak til styret om å få gå vidare med denne møteforma.</p>
12	<p><b>Val</b>  <b>Leiar i regional valkomite Leif Arne Lirhus la fram innstillinga.</b></p> <p><b>Det var i salen 62 med stemmerett ved starten av valet.</b></p> <p><b>Leiar i RU for 1 år – Lidvin Hage – 59 stemmer – 3 blanke  Nestleiar i RU for 1 år – Karen Elisabeth Rydland Sæbø 62 stemmer</b></p> <p><b>Medlemar i AU for 2 år:</b>  <b>AU-medlem gris – Oddbjørn Øverland</b>  <b>AU-medlem egg – Bjarne Aga</b>  <b>AU-medlem fri – Steinar Evebø</b></p> <p><b>Alle valde med akklamasjon</b></p> <p><b>Vara til AU for 1 år:</b>  <b>Storfe – Per Ivar Skodjereite - Attval</b>  <b>Småfe – Synnøve Kjellstad - ny</b>  <b>Egg – Bjørn Petter Rygg - ny</b>  <b>Fri – Kari Marie Njåstad - ny</b>  <b>Gris – Sjur Åkra - attval</b>  <b>Alle valde med akklamasjon</b></p> <p><b>Årsmøte-utsendingar for 2 år:</b>  <b>Synnøve Kjellstad – ny</b>  <b>Anne Karin Røssbø – ny</b>  <b>Lise Elvagjeng - Attval</b></p> <p><b>Alle valde med akklamasjon.</b></p> <p><b>Vara for årsmøteutsendingane for 1 år:</b>  <b>1.vara – Liv Signe Kvamme - ny</b>  <b>2.vara – Ragnvald Stople - attval</b>  <b>3.vara – Leif Arne Lirhus - ny</b>  <b>4.vara – Rolf Otto Blindheim - opp</b>  <b>5.vara – Sindre Aasen - ny</b>  <b>6.vara – Helge J. Reisæter- Ny</b>  <b>7.vara - Arnt Bakke - ny</b></p> <p><b>Alle valde med akklamasjon.</b></p>

	<p><b>Medlemar i Regional Valkomite for 2 år og 3 år:</b>  <b>2 år – Arild Hebnes - Ny</b>  <b>3 år – Jan Roy Eide – Ny</b>  <b>3 år – Kjetil Gjul - Ny</b>  <b>Vald med akklamasjon</b></p> <p><b>Leiar i Regional valkomite for 1 år: Anita Sæther - Ny</b>  <b>Nestleiar i Regional valkomite for 1 år: Kjetil Gjul - Ny</b></p> <p><b>Valde med akklamasjon</b></p> <p><b>Vara til regional valkomite for 1 år:</b>  <b>1.vara – Gerd Karin Njåstad - Ny</b>  <b>2.vara – Lillian Flø - Ny</b>  <b>3.vara – Nils Magne Jakobsen - Ny</b>  <b>Valde med akklamasjon.</b></p> <p><b>RU-leiar takka for tilliten.</b></p>
13	<p><b>Open post</b>  <b>Reidar Kallestad:</b>  <b>Oppfordring til alle om å lære litt meir, lage aktivitetar, få med nye og andre i Nortura; gjere noko! Heve seg til neste møte!</b></p> <p><b>Det var ikkje kome inn forslag til pris for Årets kretsutval, men etter forslag frå medlemar i AU-Vest, vart Reidar Kallestad heidra med diplom, gåvekort hos Bekken &amp; Strøm og blomar som Årets Tillitsvalgt i RU-Vest.</b>  <b>Han går vidare til nasjonal kåring.</b></p>
14	<p><b>Avtakking – kort evaluering av møtet</b>  <b>Evaluering av møtet:</b>  <b>Skulle hatt fokus på tiltak for skulering i kretsane om samvirke og marknadsregulering – mange som treng dette!</b>  <b>Treng endå meir open post – for alle slags spørsmål.</b>  <b>Gruppeoppgåver strategi – litt mange og for vide spørsmål.</b></p> <p><b>Jan Roy Eide vart takka av som AU-medlem Egg med blomar og skål av RU-leiar.</b>  <b>Både Ragnhild Døving og Helene S. Bødtker som begge har ut av AU, hadde meldt forfall og ein fekk derfor ikkje takka dei av. Per Ivar Skodjereite tok med skål til å levere til Ragnhild, og organisasjonsleiar vil sørge for blomar, både til Ragnhild, men også til Helene i tillegg til skål.</b></p> <p><b>Lidvin Hage ynskte vel heim.</b></p>

**Gerd Karin Njåstad (s)    Per Ivar Skodjereite (s)    Lidvin Hage (s)**